

Referat av styremøte for Sunnmør Skyttarsamlag



Dato: 14.11.2022

Stad: Aalesund skyttarhus

Møtestart: 18:15

Oppmøtte: Erlend Overaa, Ola Vangen, Ola Kåre Dybvik, Roger Vangen, Ronny Vedå, Thor Einar Aurdal og Tom Olav Moldskred

Sak 20/2022 – Gjennomgang saksdokument ombodsmøtet 2022

Styret har gått gjennom saksdokumenta. Ola legg inn siste endringane som kom fram i møtet og sender ut dokumenta saman med den formelle innkallinga innan 22.november.

Sak 21/2022 – Kurs Megalink/Kongsberg

Der har kome diverse ynskje om å halde eit oppfriskningskurs i Megalink og Kongsberg. Utdanningskontakta tek fatt på jobben.

Tema:

- Vedlikehald
- Stemnestyringsprogram (oppsett og avslutning av stemne + bruk av program)

Gjerne få dei til å skrive ut «bruksanvisninger» på oppsett og avslutning av stemne.

Gjennomførast ein laurdag eller søndag i medio februar, ca.

Sak 22/2022 – Ungdomssamling 2022

Ungdomsutvalet prøvde å gjennomføre. Berre to påmeldte, blei avlyst.

Sak 23/2022 – Lån av lagsvåpen til konkurranseskyting for NU

Styret oppmodar skyttarlaga til å låne ut lagsvåpen til NU-skyttarar frå andre lag. Der er lagt eit mykje større fokus på dette med transportering av våpen når ein ikkje eig det sjølv. Derfor håpe styret at skyttarlaga imøtekjem NU-skyttarar som spør om tenesta.

Møtet slutt: Klokken 20:30

Ola Vangen
referent